

## **Godtgjersleregulativ for fellesnemnda Nye Kinn kommune.**

### § 1. Leiar si godtgjersle

Godtgjersle til leiar av fellesnemnda vert dekkja av den faste ordførargodtgjersla.

### § 2. Godtgjersle til faste medlemmar og vara medlemmar og ungdomsrepresentantar

Godtgjersla til faste medlemmar av fellesnemnda skal ha ei fast godtgjersle som utgjer 4,5 % av stortingsrepresentanten si løn. Etter Stortinget si regulering 01.05.17 utgjer denne godtgjersla kr. 41.787,-. Møtande vara medlemmar skal ha ei godtgjersle pr. møte som utgjer 0,1 % av stortingsrepresentanten si godtgjersle. Etter Stortinget si regulering 01.05.17 utgjer dette kr 929 pr. møte. Regulering av denne godtgjersla følgjer Stortinget si regulering av godtgjersle for stortingsrepresentantar. Er ein av ordførarane fast medlem i fellesnemnda (ikkje leiar) vert denne godtgjersla dekkja av den faste ordførargodtgjersla.

Ungdomsrepresentantar som er valde til Fellesnemnda og som deltar i fellesnemnd og i utval/råd nedsett av Fellesnemnda får godtgjersle som møtande varamedlemmar (0,1%)

Ved deltaking i oppnemnte undergrupper vert det å bruke ein sats som utgjer 0,1% av stortingsrepr. si godtgjersle. Etter Stortinget si regulering 01.05.17 utgjer dette kr 929 pr møte.

### § 3. Tapt arbeidsforteneste

For medlemmar som får tap i si arbeidsinntekt ved deltaking i møter i fellesnemnda og undergrupper får tapet dekkja på grunnlag av attest frå arbeidsgjevar. Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gjeve etter satsen for udokumentert tap. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap. Dette tapet må sannsynleggjerast. Dette gjeld for alle møter i fellesnemnda.

Punktet gjeld også ungdomsrepresentantar som er valde av Fellesnemnda

Følgjande satsar gjeld:

Dokumentert sats inntil kr 4.600 for kvar møtedag, justert i.h.t konsumprisindeks

Udokumentert sats inntil kr 1.200 for kvar møtedag, justert i.h.t. konsumprisindeks.

### § 4. Skyssgodtgjersle

Faktiske reiseutgifter i samband med møter i fellesnemnda vert dekt etter rekning og i samsvar med statens sitt reiseregulativ.

### §5. Regulering av godtgjerslene og vederlaga

Endring av satsar i dette regulativet følgjer endringa i stortingsrepresentanten si basisløn, og vert regulert 01.05 kvart år.

### §6. Prosjektrådmann avgjer søknader og enkeltsaker.

